

Saksprotokoll i hovudutval for næring - 22.01.2021

Kine Bratli Dale (A) stilte spørsmål kring eiga habilitet, da ho sit i styret til Vestnorsk filmsenter som er part. Hovudutval for næring vedtok samrøystes at ho var inhabil etter forvaltningslova § 6 første ledd, bokstav e nr. 2. Ho gjekk frå sakshandsaminga.

Eirik Haga (A) kom inn som vara.

Torbjørn Vereide (A) stilte spørsmål kring eiga habilitet, da hans far sitt i styret til ein part, Næringsrådet Hardanger. Hovudutval for næring vedtok samrøystes at han var inhabil etter forvaltningslova § 6 andre ledd. Han gjekk frå sakshandsaminga.

Tom Hiis Bergh (V) stilte spørsmål kring eiga habilitet, da han sit i styret til part, Ungt entreprenørskap. Hovudutval for næring vedtok samrøystes at han var inhabil etter forvaltningslova § 6 første ledd, bokstav e nr. 2. Han gjekk frå sakshandsaminga.

Sigrid Brattabø Handegard (Sp) sette fram slikt forslag på vegner av A, MDG, Sp, Sv, V, Krf:
«Endring: punkt 1

Sogn Næring AS får samarbeidsavtale og tildeling frå fylkeskommunen med kr 75 000 pr år. Løyvinga vert dekkja av redusert løyving til Sognefjorden Næringshage AS med kr 50 000 og Medvind Næringshage med kr 25 000. Punkt 2 i innstillinga vert justert i tråd med dette.»

Avrøysting

Det var 13 representantar til stades.

Fylkesdirektør innovasjon og næringsutvikling sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Brattabø Handegard sitt forslag fekk 11 røyster mot 2 (Frp) og vart vedteke.

Vedtak

1. Hovudutval for næring vedtek at følgjande aktørar får tildeling av midlar gjennom oppdragsbrevet til SIVA, og det blir inngått samarbeidsavtale med fylkeskommunen for 2021-2022 utan at det følgjer tilskot direkte gjennom avtalane:

Aktørar som får tildeling gjennom oppdragsbrev til SIVA	Tildeling per år
Sognefjorden Næringshage As	150 000
Medvind24 Næringshage As	75 000
Næringshagen På Voss As	200 000
Klar Bedrift AS (Gulen og Masfjorden Næringshage As)	200 000
Næringshagen i Hardanger AS	200 000
Stryn Næringshage As	200 000
Atheno AS	700 000
Aksello As	600 000
Industriutvikling Vest AS	600 000
Kunnskapsparken i Vestland As	1 000 000
Vestlandets Innovasjonsselskap sine inkubatorar (VIS)	1 000 000
Sum tildeling gjennom oppdragsbrev til SIVA	4 925 000

2. Det blir tildelt midlar og inngått avtale for 2021-2022 med følgjande aktørar:

Aktørar som får samarbeidsavtale og tildeling frå fylkeskommunen	Tildeling per år
Inviro AS - Nordfjordeid Næringshage As	200 000
Næringshagen I Odda As	200 000
Startuplab As - Avdeling Bergen	200 000
Impact Hub Bergen As	600 000
Ungt Entreprenørskap Vestland	1 000 000
Connect Vest - Norge	750 000
Vestnorsk filmsenter / WNFC	1 000 000
Mediefondet Zefyr As	1 000 000
Design Region Bergen	100 000
Media City Bergen As	600 000
Framtidsfylket As	1 000 000
Stiftinga Vestlandsforskning	1 000 000
IT-forum Vest	1 000 000
Hardanger Siderprodusentlag	300 000
Njøs frukt- og bærsester	700 000
Matarena As	1 000 000
Akvahub As	350 000
Stiftelsen Maritime Bergen	320 000
NCE Maritime CleanTech	600 000
Finance Innovation	100 000
Sustainable Energy katapultsenter	100 000
Hub For Ocean/ Ocean Hyway Cluster	100 000
Sogn Næring	75 000
Sum samarbeidsavtale og tildeling frå fylkeskommunen	12 295 000

3. Tilskota blir finansiert med kr 2 423 000 over Kap. 553, post 61 og kr 14 797 000 frå midlar sett av til partnarskapsmidlar i Innovasjon og næring sitt budsjett for 2021. For finansieringsløyisinga blir det teke atterhald om ramme i endeleg tilskotsbrev for Kap. 553, post 61.

4. Følgjande aktørar får avslag på søknad om samarbeidsavtalar for 2021-2022:

Aktørar som får avslag på søknad om partnarskapsmidlar	Tildeling
Pitstop Norge As	0
VIS Innovasjonsuken OPP	0
Bioregion Institute	0
Norsk Hydrogenforum	0
Blått Hav Norge	0
Sogn Næring As	0

5. Det blir teke atterhald om at tildeling kan gjerast i tråd med statsstøtteregulverket.
6. Fylkesrådmannen får fullmakt til å utforme avtalemål og inngå avtalane på vegne av Vestland fylkeskommune.
7. Avtalane blir inngått for ein periode på to år, 2021-2022, med atterhald om endeleg vedtak av budsjett 2022/økonomiplan 2022-2025.

8. For NCE Media og NCE Maritime CleanTec vil det bli gjort ei ny vurdering av støttenivå for 2022 avhengig av klyngestatus.